



# Planprogram

Sluttbehandling kom.styret 27.03.2025

Kommuneplanens arealdel i Lesja kommune 2024 - 2037

# Innhold

<b>Planprogram .....</b>	<b>1</b>
<b>Sluttbehandling kom.styret 27.03.2025.....</b>	<b>1</b>
<b>Kommuneplanens arealdel i Lesja kommune 2024 - 2037 .....</b>	<b>1</b>
<b>1 Innleiing .....</b>	<b>3</b>
1.1 Bakgrunn.....	4
1.2 Kommuneplan og planprogrammet.....	4
1.3 Plangrense og innhald for arealdelen .....	5
<b>2 Planprosessen.....</b>	<b>6</b>
2.1 Mål for planarbeidet.....	6
2.2 Organisering.....	6
2.3 Medverknad .....	6
2.4 Planprosess og framdriftsplan .....	7
2.5 Silingskriteriar.....	8
<b>3 Rammar og føringar for planarbeidet.....</b>	<b>8</b>
3.1 FNs bærekraftmål.....	8
3.2 Nasjonale føringar .....	9
3.3 Regionale føringar .....	10
3.4 Kommunale planar og føringar.....	11
3.4.1 Øvrige kommunale planar og retningslinjer .....	11
<b>4 Status for planområdet .....</b>	<b>12</b>
4.1 Areal .....	12
4.1.1 Verna areal .....	13
4.1.2 Utmark .....	13
4.2 Folkesetnaden i Lesja .....	13
4.3 Næringsliv og sysselsetting .....	13
4.4 Naturressursar .....	15
4.5 Tomtereservar fritidsbustadar Lesja .....	17
<b>5 Tema som skal vurderast i planarbeidet .....</b>	<b>17</b>
5.1 Bustadområde.....	17
5.2 Fritidsbygging .....	17
5.3 Næringsbebyggelse .....	18
5.4 Sæterområda .....	18

5.5 Trafikksikkerheit .....	18
5.7 Friluftsliv .....	18
5.8 Naturmangfald .....	18
5.9 Teknisk infrastruktur .....	19
5.10 Landbruk.....	19
5.11 Areal som skal tilbakeførast til LNFR .....	19
5.12 Bevaring av villrein .....	19
5.13 Kulturminner .....	19
<b>6 Utredningsbehov .....</b>	<b>20</b>
6.1 Konsekvensutgreiing .....	20
6.1.1 Kva KU skal få fram .....	20
6.1.2 Tema og utgreiingar som skal klargjerast i KU .....	20
6.1.3 Metodikk.....	21
6.2 Risiko og sårbarheitsanalyse (ROS).....	21

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Kommunestyret i Lesja har i kommunal planstrategi for 2021-2024 vedteke at revidering av kommuneplanens arealdel skal prioriterast i denne perioden. Kommuneplanens arealdel ble sist revidert og vedteken i 2013.

Lesja kommunestyre fastsette planprogram for arealdelen i møte 26.09.2019, sak 41/19. Det er behov for oppdatering av planprogrammet då det er kome inn nye innspel, og i forhold til nye nasjonale og regionale føringer. Dette dokumentet er eit oppdatert/revidert planprogram frå det som vart vedteken i 2019. Innspela som vart med vidare i førre planprogram blir med vidare i arbeidet med revideringa av arealdelen, og ligg som vedlegg til planprogrammet.

## 1.2 Kommuneplan og planprogrammet

Kommuneplan er fellesnemninga for kommuneplanens samfunnsdel og kommuneplanens arealdel. Det er lovpålagt å ha kommuneplan (jf. Plan- og bygningslova kap. 11).

Kommuneplanen er kommunens overordna styringsdokument. Samfunnssdelen skal avdekkja og belyse viktige utfordringar knytt til samfunnsutviklinga for kommunesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon. Den skal gi overordna mål for planlegging og retningslinjer for korleis kommunens eigne mål og strategiar skal gjennomførast.

Arealdelen skal byggja på kommunens samfunnsdel gjennom konkrete arealprioriteringar og føringer. Disse prioriteringane og føringane skal visast på arealplankartet. Kommuneplanens arealdel skal omfatta plankart, føresegner og planskildring, der det kjem fram korleis nasjonale mål og retningslinjer samt overordna planar for arealbruk er teke vare på. I tillegg skal det for nye utbyggingsområde lagast ei konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiinga dannar eit kunnskapsgrunnlag slik at ein har best mogleg kunnskap til å kunne vurdera kva område som skal byggjast ut.

Prosesssen for revidering av arealdelen går føre seg som vist i figur 1:



Figur 1: ProsesSEN ved revidering av kommuneplanens arealdel


Dette dokumentet er eit planprogram som vist i første kolonne i figuren over. Her skal det gjerast greie for korleis planarbeidet skal gjennomførast.

Planprogrammet skal gjere greie for følgjande:

- ❖ Formålet med planarbeidet
- ❖ Føringar og rammer for planarbeidet
- ❖ Kva slags hovudtema planen skal ha fokus på
- ❖ Planprosessen med fristar og deltagarar
- ❖ Medverknad i planprosessen
- ❖ Kva alternativ som vil bli vurdert og behovet for utgreiingar

### 1.3 Plangrense og innhold for arealdelen

Arealdelen skal gjelda for heile kommunen, og det er derfor kommunegrensa som er plangrense for arealdelen til kommuneplanen.



Figur 2: Kart over areal som dekkes av kommuneplanens arealdel. Kartutsnittet i si heilheit viser Lesja kommune.

Kommuneplanens arealdel skal bestå av følgjande dokument:

- ❖ Plankart
- ❖ Føresegns og retningslinjer
- ❖ Planskildring
- ❖ Konsekvensutredning (KU)
- ❖ Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS)

Plankartet og føreseggnene er juridisk bindande. Planskildringa skal beskrive formålet med planen, hovudinnhald og verknader. Planskildringa kan også innehalde omtale av korleis kart og føresegner skal forståast og praktiserast. Dette kan til dømes vera retningslinjer frå kommunestyret om korleis planen skal følgjast opp og gjennomførast. Slike retningslinjer er ikke juridisk bindande for private, og må skiljast frå føreseggnene.

Konsekvensutgreiing og ROS greier ut verknader planen kan gi for miljø, samfunn og tryggleik.

## 2 Planprosessen

### 2.1 Mål for planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å revidere arealdelen, slik at denne dannar eit oppdatert og godt grunnlag for forvaltning og utvikling av areala til kommunen. Arealdelen skal være i tråd med arealprinsippa i kommuneplanens samfunnsdel, FNs berekraftsmål og nasjonale, regionale og kommunale føringer.

Kommuneplanens arealdel skal vera godt politisk forankra slik at den gir føreseielegheit for kommunens innbyggjarar og utbyggjarar.

### 2.2 Organisering

Det er satt ned ei administrativ arbeidsgruppe med ansvar for å gjennomføre planprosessen:

- ❖ Sigurd Vie Alme
- ❖ Marit Svanborg
- ❖ Synne Grosberg
- ❖ Per Dag Hole

Ansvar for å drive prosessen framover ligg i Lesja kommune ved prosjektleiar. Formannskap og kommunestyre vil bli involvert i planprosessen frå og med utarbeiding av planprogram, for å sikre politisk forankring av prosessen.

### 2.3 Medverknad

I arbeidet med kommuneplanens arealdel er det viktig med brei medverknad frå heile samfunnet. Det skal leggjast til rette for medverknad og involvering frå innbyggjarar, næringsliv, interesseorganisasjonar, politikarar og berørte myndigheter. Jamfør Plan- og bygningsloven § 5-1 har kommunen eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging. Dette gjeld mellom anna barn og unge.

Kommuneplanens arealdel skal vera eit styrande politisk dokument for dei neste åra. Brei politisk deltaking og forankring av målsetjingar for planarbeidet skal sikrast. For å sikre medverknad og involvering frå alle grupper i samfunnet vil dei tre kommunale råda vera viktige: Eldrerådet og råd for personar med funksjonsnedsetting, ungdomsrådet og livsløpsutvalget.

Berørte myndigheter blir involverte gjennom regionalt planforum og formelle høyringsprosessar. I tillegg kan det bli behov for eigne møte med regionale og statlege myndigheter for ytterlegare orientering og drøfting av planforslaget og planfaglege tema.

## 2.4 Planprosess og framdriftsplan

Følgjande framdrift med milepælar og tidsfristar er skissert under.

Milepæl	Beskrivelse	Periode	
1	Planoppstart	Kommuneplanens arealdel vart varsle oppstart og sendt på høyring. Sak 2/17 (Arkivsaks nr/Elements 2016/1231)	18.01.2017
2	Planprogram 1	Planprogrammet vart vedteke politisk i kommunestyret. Sak 24/17 (Arkivsaks nr/Elements 2018/997)	11.05.2017
3	Planprogram 2	Revidering av første versjon av planprogrammet. Sak 41/19	26.09.2019
4	Planprogram 3	<b>Politisk behandling</b> av revidert planprogram tilhøyring	Juni 2024
5	Høyring av planprogram	Utsending/annonsering av høyring av planprogrammet.	Juni – August 2024
6	Fastsetting planprogram	<b>Politisk behandling</b> (formannskapet og kommunestyret), der planprogrammet blir fastsett.	Vår 2025
7	Grovsiling av innspel	Grovsiling av innspel etter kriteria angitt i planprogrammet.	Vår 2025
8	Utarbeiding av konsekvensutgreiing	Nye utbyggingsområde som blir spilt inn blir konsekvensutgreia.	2024 og 2025
9	Utarbeiding av øvrige plandokument	Utarbeiding av plankart, planskildring, føresegner/retningslinjer, temakart og ros-analyse.	2025 og 2026
10	Informasjon og medverknad	Før planen leggjast fram for førstegangsbehandling. Regionalt planforum, politisk, grunneigarar, interne avklaringar	2024/2025
11	Planforslag til behandling	<b>Politisk førstegangsbehandling (kommunestyret).</b>	Vår/haust 2026

12	Høyring og offentleg ettersyn	Høyring og offentleg ettersyn. Informasjonsmøte i høyringsperioden.	Haust 2026
13	Merknadsbehandling	Behandling av høyringsmerknader, evt. endring av planforslaget. Behov for ny høyring vurderast.	Haust 2026
14	Sluttbehandling	<b>Politisk behandling</b> der planen blir sluttbehandla av kommunestyret.	2026/2027

## 2.5 Silingskriteriar

For å lette arbeidet med konsekvensutredning av innspel, vil det bli gjort ei siling av innspel til byggeområder etter følgjande kriteriar:

- ❖ Berører arealinnspelet viktige, fulldyrka eller dyrkbar mark, snaufjell, vassdrag, skogsmark av høy bonitet eller myr?
- ❖ Er innspelet i konflikt med verneområder og verna vassdrag?
- ❖ Er innspelet i konflikt med kjente naturfarar?
- ❖ Ligg i eller er i konflikt med eksisterande seterområder?
- ❖ Ligg tiltaket innanfor byggeforbudssona til vann- og vassdrag?
- ❖ Er innspelet i konflikt med verdsarv, kulturlandskap eller andre viktige kulturminne?
- ❖ Er innspelet i konflikt med viktige natur- og friluftsområder eller hovudvilt-trekk?
- ❖ Enkeltomtar for bustader og fritidsbustader vil ikkje bli vurdert.
- ❖ Er innspillet i konflikt med mineralressurser?

## 3 Rammar og føringar for planarbeidet

Dette kapittelet presenterer nasjonale, regionale og lokale føringar som skal leggjast til grunn i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Framstillinga nedanfor viser dei viktigaste føringane og planane.

### 3.1 FNs bærekraftmål

I 2015 vedtok FNs generalforsamling 17 mål for berekraftig utvikling. Måla skal tene som ein felles arbeidsplan for verdens land for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging frå 2019 er tydelege på at FNs berekraftsmål skal leggjast til grunn for all samfunns- og arealplanlegging i Noreg. Korleis me utviklar og bruker areala i kommunen er heilt avgjerande for ei berekraftig utvikling av samfunnet.



Figur 3. FNs mål for berekraftig utvikling

## 3.2 Nasjonale føringer

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 vart vedteken ved kongeleg resolusjon 20. Juni 2023. Dei nasjonale forventningane utarbeidast kvart fjerde år og gir ein oversikt over mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunar og kommunar legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem.

Regjeringa legg vekt på at vi står ovanfor fire store utfordringar:

- ❖ Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- ❖ Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- ❖ Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- ❖ Å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har bestemt at FNs berekraftsmål skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i vårtids største utfordringar. Dei nasjonale forventningane og FNs berekraftsmål skal brukast i rulleringa av kommuneplanens arealdel slik at planen i stadig større grad blir eit verktøy for å handtere utfordringane og bidra til at berekraftsmåla blir oppnådd.

I tillegg vil også andre lover, forskrifter, nasjonale retningslinjer og veiledarar være førande for arbeidet ut i frå tema og type utredning.

Det nemnes spesielt:

- ❖ Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021) skal bidra til at det tas særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i strandsona og hindre unødvendig bygging i 100-metersbeltet langs sjøen.

- ❖ [Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning \(2018\)](#) viser til at kommunane skal gjennom planlegging bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt økt miljøvennlig energiomlegging. Planlegginga skal også bidra til at samfunnet blir førebudd på og blir tilpassa klimaendringane.
- ❖ [Statlege planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging \(2014\)](#) har som hovedformål å bidra til meir effektive planprosessar i planlegging. Planlegging av arealbruk og transportsystem skal bidra til å utvikle kompakte og berekraftige byar og tettstader, redusera transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlege transportformer.
- ❖ [Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging \(1995\)](#) gir kommunane betre grunnlag for å integrere og ivareta barn og unges interesser i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven.
- ❖ [Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag \(T-1078, 1994\)](#) har til hensikt å sikre mot inngripande tiltak i verna vassdrag og som reduserer verneverdien i områda.
- ❖ [Nasjonal jordvernstrategi](#). Strategien fremjar ei rekke tiltak for å styrke jordvernet og nå jordvernållet. Nasjonal jordvernstrategi vart behandla i Stortinget i 2015 og vart sist oppdatert i 2023. Kommunane har ei sentral rolle i å følgja opp strategien.
- ❖ [Lov om planlegging og byggesaksbehandling](#)
- ❖ [Meld. St. 18 \(2023-2024\) Ein forbетra tilstand for villrein](#)
- ❖ [Nasjonale mål for vann og helse med gjennomføringsplan](#)

### 3.3 Regionale føringer

Det finst fleire regionale planar og føringer å forhalda seg til i kommunal planlegging. Mange av desse dokumenta har direkte relevans til planarbeidet med kommuneplanens arealdel, og det er viktig at planane blir innlemma og samordna med arealdelen så langt det let seg gjera. Regionale planar vil også brukast som kunnskapsgrunnlag i samband med revideringa av kommuneplanens arealdel.

- ❖ [Regional plan for klima, energi og miljø \(2023-2030\) - Det grønne Innlandet](#)
- ❖ [Regional plan for samfunnstryggleik 2023-2035](#)
- ❖ [Regional plan for det inkluderende Innlandet \(2023-2026\)](#)
- ❖ [Regional plan for Dovrefjellområdet \(2017\)](#)
- ❖ [Regional plan for Ottadalsområdet 2016 - 2026](#)
- ❖ [Regional plan for vannforvaltning i Innlandet og Viken vannregion 2022 - 2027](#)
- ❖ [Regional vassforvaltningsplan i Møre og Romsdal 2022 - 2027](#)
- ❖ [Regional plan for Gudbrandsdalslågen med sidevassdrag \(2018\)](#)

- ❖ [Innlandsstrategien 2020 - 2024](#)
- ❖ [Regional plan for samferdsel 2018 - 2030](#)

## 3.4 Kommunale planar og føringer

Lesja kommune har fleire ulike planer som har direkte relevans til kommuneplanens arealdel, og det er derfor viktig at planane blir innlemma og samordna med arealdelen. Nedanfor er dei viktigaste planane nemnt.

### *Kommuneplanens samfunnsdel 2024 – 2035 (under arbeid)*

Kommuneplanens samfunnsdel er den overordna planen der kommunen set ein langsiktig kurs for utviklinga av kommunen av. Den dannar med dette grunnlaget for kommuneplanens arealdel. Samfunnsdelen er under arbeid og har vore ute på høyring vinter/vår 2024.

Gjeldande kommuneplanens samfunnsdel er vedteken i 2007.

### *Kommunedelplan for naturmangfold (under arbeid)*

Lesja kommune skal ta vare på naturmangfaldet ved berekraftig bruk, slik at naturen gir grunnlag for menneske sitt verksemd, kultur, helse og trivsel, nå og i framtida. Kommunedelplanen for naturmangfold er under arbeid og har vore ute på høyring våren 2024.

### 3.4.1 Øvrige kommunale planar og retningslinjer

I tillegg til samfunnsdelen er det andre kommunale planer og strategiar som har særleg relevans for utarbeidninga av kommuneplanens arealdel. Eksisterande planar skal takast omsyn til, og kommande planar bør koordinerast i den grad det er mogleg.

#### Eksisterande planar

- ❖ Kommuneplanens arealdel 2013 - 2020
- ❖ Tematisk kommuneplan for kulturminne i Lesja (2019)
- ❖ Kommunedelplan for klima og energi 2012 - 2016
- ❖ Kommunedelplan for helse og omsorg 2012-2020
- ❖ Bustadsosial plan – tematisk kommunedelplan 2016
- ❖ Tematisk kommuneplan for trafikksikkerheit 2015 – 2017
- ❖ Beitebruksplan
- ❖ Plan for friluftslivets ferdelsårer
- ❖ Strategiplan – Leve hele livet 2021 – 2024
- ❖ Retningslinjer for motorferdsel i utmark - barmarkskjøring i Lesja kommune
- ❖ Bjarli områdereguleringsplan
- ❖ Plan for forebyggende arbeid med barn og unge i Lesja kommune 2024 – 2027
- ❖ Tematisk kommunedelplan for landbruk i Lesja kommune

## 4 Status for planområdet

### 4.1 Areal

Lesja kommune dekker eit areal på 2259,5 km<sup>2</sup>, og er med det den kommunen i Innlandet med størst areal. Lesja er ein langstrakt kommune, med busetting langs ein 60 km lang akse mellom Joramo og Stueflossen.

I tabell 2 er det vist ein oversikt over hovudgrupper av arealtyper ein finn i kommunen. Eit særtrekk ved kommunen er at heile 2205 km<sup>2</sup> er ikkje utbygd areal (skog, ope fastmark, våtmark, bart fjell, grus- og blokkmark, varig snø, is og bre, og ferskvatn).

Areal dekt av bygningar er 0,76 km<sup>2</sup>, som utgjer 0,34% av totalarealet i kommunen.

Jordbruksarealet utgjer 1,9% av totalarealet.

**Tabell 1. Hovudklasser av arealbruk og arealressursar (km<sup>2</sup>), etter arealklasse for Lesja kommune i 2019 og 2023**

Arealklasse	Areal (km <sup>2</sup> )	
	2019	2023
Boligbebyggelse	0,72	0,72
Fritidsbebyggelse	1,78	1,84
Bebygd område for landbruk og fiske	1,62	1,60
Næring, offentlig og privat tjenesteyting	0,61	0,67
Undervisning og barnehage	0,03	0,03
Helse- og sosialinstitusjoner	0,02	0,02
Kultur og religiøse aktiviteter	0,04	0,04
Transport, telekommunikasjon og teknisk infrastruktur	5,90	5,73
Beredskapstjenester og Forsvaret	0	0
Grønne områder, idretts- og sportsområder	0,89	0,90
Uklassifisert bebyggelse og anlegg	0,27	0,55
Jordbruksareal	43,69	44,46
Skog	310,89	308,99
Åpen fastmark	1272,38	1070,56
Våtmark	16,76	17,35
Bart fjell, grus- og blokkmark	488,97	684,20
Varig snø, is og bre	22,13	28,85
Ferskvatn	92,82	93
Uklassifisert ubebygd område	0	0

#### 4.1.1 Verna areal

Lesja kommune er den kommunen i landet med mest verna areal, både i reelle og høvesvise verdiar, sjå tabell 3.

**Tabell 2. Naturvernområde i Lesja kommune pr. 2017 (Etter SSB)**

	Vernet areal (km <sup>2</sup> )	Antall verneområder	Prosentvis del av kommunen sitt areal
Nasjonalpark	1229,01	2	54,4
Naturreservat	-	-	-
Landskapsverneområde	485,44	5	21,5
Andre fredninger	-	-	-
<b>SUM</b>	<b>1714,45</b>	-	<b>75,9</b>

#### 4.1.2 Utmark

Lesja har vore ein føregangskommune når det gjeld utmarksforvaltning. Lesja fjellstyret var tidleg ut med å formalisere oppsynet med sine område, og etablerte fjelloppsyn på fulltid allereie på 1950-talet. Personar i kommunen var også pådrivarar for å etablere villrein på nytt i Reinheimen på 1960-talet. Også på Dalsida og i Snøhetta har kommunen spelt ei sterk fagleg rolle for forvaltning av villrein, fisk og fjellområde.

Lesja er blant dei kommunane i landet med størst villreinareal og flest fellingsrettar. Kommunen har også gjort ein stor innsats for å formidle naturverdiar og kulturhistorie knytt til fjellet gjennom utstillingar og aktivitetar på Lesja bygdemuseum.

Lesja har store utmarksressursar knytt til beite, jakt og fiske. I Lesja finst eit sterkt fagmiljø for forvaltning og formidling av desse verdiene.

### 4.2 Folkesetnaden i Lesja

SSB oppgjev at Lesja kommune i 2023 har ei utrekna folkemengd på 1983 personar.

Etter SSB sin definisjon er det ikkje tettstader i Lesja. Innbyggjarane bur då også spreidd etter heile bygda, men med Lesja sentrum og Lesjaskog som to tyngdepunkt i kommunen. Ein høvesvis stor del av landbrukseigedommane i Lesja har fast busetting. 48,3 % bur på landbrukseigedom.

### 4.3 Næringsliv og sysselsetting

Næringsliv og sysselsetting på Lesja er dominert av tre større grupper:

- Landbruk
- Bygg og anlegg

- Offentleg forvaltning og tenesteyting

I tabell 3 er det vist ei oversikt over ulike verksemder i Lesja.

**Tabell 3. Taler på verksemder, etter næring (SN2007) i Lesja 2024 (Etter SSB):**

01 Jordbruk og tjenester tilknyttet jordbruk, jakt og viltstell	188
02 Skogbruk og tjenester tilknyttet skogsbruk	12
08 Bryting og bergverksdrift ellers	1
10 Produksjon av nærings- og nytelsesmidler	5
14 Produksjon av klær	2
16 Produksjon av trelast og varer av tre, kork, strå og flettematerialer, unntatt møbler	2
28 Produksjon av maskiner og utstyr til generell bruk, ikke nevnt annet sted	1
31 Produksjon av møbler	3
35 Elektrisitets-, gass-, damp- og varmtvannsforsyning	1
36 Uttak fra kilde, rensing og distribusjon av vann	1
41 Oppføring av bygninger	22
42 Anleggsvirksomhet	2
43 Spesialisert bygge- og anleggsvirksomhet	32
45 Handel med reperasjon av motorvogner	3
46 Agentur- og engroshandel, unntatt med motorvogner	3
47 Detaljhandel, unntatt salg av motorvogner	15
49 Landtransport og rørtransport	12
55 Overnatningsvirksomhet	7
56 Serveringsvirksomhet	4
58 Forlagsvirksomhet	2
62 Tjenester tilknyttet informasjonsteknologi	2
68 Omsetning og drift av fast eiendom	42
69 Juridisk og regnskapsmessig tjenesteyting	1
70 Hovedkontortjenester, administrativ rådgivning	3
71 Arkitektvirksomhet og teknisk konsulentvirksomhet, og teknisk prøving og analyse	8
72 Forskning og utviklingsarbeid	1
73 Annonse – og reklamevirksomhet og markedsundersøkelser	2
74 Annen faglig, vitenskapelig og teknisk virksomhet	3
75 Veterinærtjenester	3
77 Utleie- og leasingvirksomhet	4
79 Reisebyrå- og reisearrangørvirksomhet og tilknyttede tjenester	2
81 Tjenester tilknyttet eiendomsdrift	5
82 Annen forretningsmessig tjenesteyting	1
84 Offentlig administrasjon og forsvar, og trygdeordninger underlagt offentlig forvaltning	4
85 Undervisning	5
86 Helsetjenester	7

87 Pleie- og omsorgstjenester i institusjon	3
88 Sosiale	7
90 Kunsternisk virksomhet og underholdningsvirksomhet	3
91 Drift av biblioteker, arkiver, museer og annen kulturvirksomhet	2
93 Sports- og fritidsaktiviteter og drift av fornøyelsesetablissementer	6
94 Aktiviteter i medlemsorganisasjoner	3
96 Annen personlig tjenesteyting	6
00 Uuoppgett	2

Per januar 2024 har NAV registrert 7 arbeidsledige (0,7%) i Lesja kommune.

## 4.4 Naturressursar

### Arealressursar

I tabell 4 er det vist ein oversikt over arealressursane i Lesja.

Tabell 4. Arealressursar i Lesja. (Kjelde: NIBIO, AR5 årsversjon 2018 og 2023.)

Arealtype	2018		2023	
	Areal (daa)	%	Areal (daa)	%
Fulldyrka jord	38 555	1,7	39 255	1,8
Overflatedyrka jord	743	0,0	809	0,0
Innmarksbeite	4 807	0,2	4 795	0,2
Produktiv skog	157 449	7,0	156 217	7,2
Uproduktiv skog	141 206	6,2	141 092	6,5
Åpen myr	8 007	0,4	8 011	0,4
Åpen jorddekt fastmark	184 246	8,2	182 187	8,4
Åpen skrinn fastmark	190 043	8,4	190 249	8,8
Bebygd	2 338	0,1	4 411	0,2
Samferdsel	2 879	0,1	3 203	0,1
Snø og isbre	4	0,0	4	0,0
<b>Totalt kartlagt i AR5</b>	<b>730277</b>	<b>32,3</b>	<b>730 233</b>	<b>33,6</b>

I tabell 5 er det vist ein oversikt over skogsinformasjon. Bonitet angir arealenes produksjonsevne for skog, i hovudsak vurdert som potensiell bonitet for bartrær.

	Barskog	Blandingsskog	Lauvskog	Skog på myr	Totalt (daa)
Svært høy bonitet	0	0	0	0	0
Høy bonitet	188	8	172	0	368
Middels bonitet	24 625	3 453	1 489	0	29 568

Lav bonitet	85 039	41 054	96	95	<b>126 284</b>
Uproduktiv skog	9 706	20 922	109 318	1 173	<b>141 119</b>
Uklassifisert skog					<b>14 726</b>
<b>Totalt</b>	<b>119 558</b>	<b>65 437</b>	<b>111 075</b>	<b>1 268</b>	<b>312 065</b>

## Jordbruk

Innmarksareala utgjer 44105 daa, og fulldyrka jord utgjer heile 38555 daa av det totale jordbruksarealet. Lesja er heldig stilt ved at den dyrka marka i hovudsak ligg i nær tilknyting til gardane i bygda. Tilsvarande har seterarealet vorte meir ekstensivt nytta, i hovudsak til beite i samband med slepp og samling av beitedyr. Dette er likevel eit viktig element i bruken av utmarksbeitet. Også utmarksbeitet har stor verdi. NILF har for 2006 rekna ut verdien av utmarksbeitet i Oppland til godt og vel 41 mill. føreiningar, og Lesja har følgjeleg sin del av denne verdiskapinga.

## Skogbruk

Lesja kommune hadde ny takst i 2019 og produktivt areal var registrert til 171 416 daa. Sum årleg hogtsvolum var registrert til 30 060 m<sup>3</sup> (balansekvantum: potensiale av faktisk registrert).

### Årleg avverking

2023	18 776 m <sup>3</sup>
2022	12 817 m <sup>3</sup>
2021	14 954 m <sup>3</sup>
2020	20 167 m <sup>3</sup>

I gjennomsnitt litt over 50 % avverking av foreslått årleg balansekvantum på 30 030 m<sup>3</sup>.

## Byggjerastoff

I Lesja finn ein fleire mektige lausmasseførekommstar som er eigna for tekniske føremål. I tillegg er det planlagd uttak av fjell til knusing.

## Vasskraft

Aursjømagasinet er ein stor ressurs som er nasjonalt viktig, for kraftproduksjon. I tillegg er det bygt småkraftverk:

- ❖ Sagelva kraftverk
- ❖ Valåe kraftverk
- ❖ Kvernåi kraftverk

## 4.5 Tomtereservar fritidsbustadar Lesja

Innlandet fylkeskommune har i løpet av 2023 analysert reguleringsplanar og kommuneplanar for å gi oss eit arealregnskap som skal gi oss ein status på kor mykje vi legg beslag på av arealer og natur.

I følgje Areal- og naturregnskap for Innlandet fylke Lesja kommune har per haust 2023 ein planreserve på 777 dekar for fritidsbusetnad.

## 5 Tema som skal vurderast i planarbeidet

For å avgrense omfanget av revisjonen er det prioritert nokre plantema som vil bli vurdert særskilt i arbeidet med revisjon av kommuneplanen.

Hovudstrategien er å finne nye utbyggingsområde i hovuddalføret, med omsyn til verna areal.

### 5.1 Bustadområde

Lesja kommune er ein distriktskommune der mange av bustadane ligg spreidd i LNFR, og ein er positiv til å legge til rette for nye bustadområde spreidd gjennom heile bygda frå Bjorli til Joramø. Dette er noko ein vil legge til rette for og sikre gjennom retningslinjer for å ta hand om bustadutvikling og oppføring av nye bustadar ved dispensasjonsbehandling. Bustadsstrukturen i kommunen er i hovudvekt einebustadar, det er derfor viktig å legge til rette for variert bustadstruktur slik som leilegheiter i sentrumsområder.

Vidare vil planarbeidet sjå på:

- ❖ Meir utbygging av konsentrerte buformer i sentrumsområde.
- ❖ Sikre viktige korridorar for løyper og vegar
- ❖ Sikre grøntområde, leikeområde, barn og unge

### 5.2 Fritidsbygging

Lesja kommune satsar på hyttebygging som ein strategi for næringsutvikling jamfør utviklingsplan for Bjorli (Vista Analyse 2019/22), og det ligg derfor til rette for å fortsette med utbygging av fritidsbygging i Lesja, men med hovudvekt vest i kommunen.

Det skal være ein strategisk plassering av fritidsutbygging:

- ❖ Fortetting av eksisterande bebygde område
- ❖ Legge til rette vidare utbygging av Bjorli og nordsida av Lesjaskogsvatnet
- ❖ Det skal ikkje etablerast fritidsbustad på eksisterande næringsareal
- ❖ Fritidsareal som ikkje er realisert per i dag, og som eventuelt har konflikt med ny kunnskap (samfunnsikkerheit) eller manglende infrastruktur vurderast å takast ut.

- ❖ For nye areal skal det vektleggast teknisk infrastruktur, og omsyn til strandsone, friluftsliv, landbruk, naturmangfald, samfunnssikkerheit, næringsareal og villrein.

## 5.3 Næringsbebyggelse

Ein finne variert næringsareal gjennom heile bygda. Ein vil prioritere areal som ligg inntil eksisterande næringsområde. Det er aktuelt med nye næringsområde nær hovudferdselsåra (E136), og sentrumsområde. For nye areal vil ein vektlegge teknisk infrastruktur som adkomst, vann og avløp, samfunnsikkerheit og naturmangfald.

Det er eit potensiale for utvikling av tilleggsnæringer knytt til landbruket. Nødvendig areal som er i strid med LNFR-formålet vert det sett føringar for i planføresegna.

Ein vil legge til rette for å sikre at viktige førekomstar av mineralske ressursar, spesielt byggjerastoffa grus og pukk, ikkje verte nedbygd eller bandlagt.

Eksisterande næringsbebyggelse er utfordra av omdisponering til fritidsbusetnad. Dette er ikkje ynskjeleg.

## 5.4 Sæterområda

Sæterområda er viktig å bevare, slik som Dalsida og Lordalen. Dette vil gjerast gjennom planføresegn, omsynssoner og retningslinjer.

## 5.5 Trafikksikkerheit

Lesja kommune er en trafikksikker kommune, og ein arbeidar aktivt med å forbetre. Tiltak for mjuke trafikantar, som gang- og sykkelveg frå Bjarli til Rauma kommune og langs Bjarlivegen og nedste del av Skriuvegen.

## 5.7 Friluftsliv

Det er eit rikt friluftsliv i Lesja kommune, med god tilrettelegging. Dette er noko ein framleis er positiv til å vidareutvikle gjennom å legge til rette for enkle tiltak ved planføresegns og retningslinjer. Nye traséar må godkjennast av grunneigar og kommunen.

## 5.8 Naturmangfald

Store delar av Lesja kommune er verna, dette vil bli bevart i kommuneplanens arealdel ved omsynssoner. Vidare vil ein sikre lokale viktige naturområde med planføresegns, retningslinjer og omsynssoner.

## 5.9 Teknisk infrastruktur

Kommunen vil vurdere om rammer for teknisk infrastruktur i gjeldande kommuneplan er tilstrekkelege, eller om kjente behov, eksempelvis knytt til vegrar, vassforsyning, avløpsanlegg og renovasjonsområder, tilsei at det må avsetjast nye areal.

## 5.10 Landbruk

Arealformålet LNFR omfattar områder som skal nytties eller sikres til landbruksproduksjon, herunder jordbruk og skogbruk, og/eller som skal bli liggande som natur- eller friluftsområde. Det tas sikte på å gi rammer for utvikling av eksisterande bebyggelse som ligg i LNFR-formål gjennom føresegn og retningslinjer til planen. Det er også aktuelt å gi retningslinjer med kriteriar for dispensasjon frå LNFR-formål.

## 5.11 Areal som skal tilbakeførast til LNFR

Kommunen vil vurdere å ta ut areal i kommuneplanens arealdel som ikkje er realisert per i dag, og som eventuelt har konflikt med ny kunnskap (samfunnsikkerheit) eller manglande infrastruktur.

Eldre reguleringsplanar som ikkje er realisert per i dag, vurderast å opphevast og arealet kan tilbakeførast til LNFR eller anna formål.

## 5.12 Bevaring av villrein

Lesja kommune er bevisst på vårt ansvar for å bevare villreinen. Leveområdet til villreinen skal synleggjera i plankartet som omsynssone med føringar for bruk av området i føresegn og retningslinjer.

## 5.13 Kulturminner

Forholdet til automatisk fredete kulturminner skal seinast avklarast på reguleringsplannivå. Ein skal og sørge for kulturminnefagleg synfaring av nye byggjeområde.

# 6 Utredningsbehov

## 6.1 Konsekvensutgreiing

I samsvar med Plan- og bygningsloven § 4-2 kjem det fram at kommuneplanens arealdel blir omfatta av kravet om konsekvensutgreiing (KU). Planforslag med konsekvensutgreiing skal utarbeidast på bakgrunn av fastsett planprogram. KU skal avdekkje verknadene av planen for miljø og samfunn, herunder kvalifikasjonar og samfunnsnytte på den eine sida, og kva verdiar som går tapt og dessutan moglege avbøtande tiltak på den andre. Konsekvensar av alle nye område for utbygging og vesentleg endra arealbruk skal beskrivast og komme fram av utgreiinga, både enkeltvis og samla.

Det er ei klar målsetjing at kommuneplanens arealdel skal ha eit langsiktig, overordna og heilskapleg perspektiv der KU skal sikre eit tilstrekkeleg godt kunnskapsgrunnlag. Konsekvensutgreiinga skal utarbeidast i tråd med forskrift om konsekvensutgreiing av 01.07.2017.

### 6.1.1 Kva KU skal få fram

KU skal blant anna få fram:

- Viktige miljø- og samfunnsverdiar i dei foreslårte utbyggingsområda for fritidsbusetnad
- Konsekvensar av foreslått utbygging kan få for desse verdiane
- Tiltak som kan gjerast for å avbøte negative verknader

### 6.1.2 Tema og utgreiingar som skal klargjerast i KU

Konsekvensutgreiinga skal, jf. Forskrift om konsekvensutredning § 21, identifisere og beskrive dei faktorane som kan bli påverka og vurdere vesentlege verknader for miljø og samfunn.

Følgjande tema vil vera aktuelle for konsekvensutgreiinga:

- ❖ Barn og unges interesser
- ❖ Miljø og naturressursar
- ❖ Klima og klimaomsyn
- ❖ Kulturminne, kulturmiljø og verdsarv
- ❖ Friluftsliv
- ❖ Landskap/grønstruktur
- ❖ Vassførekommstar og vassressursar
- ❖ Landbruksressursar
- ❖ Beredskap- og ulykkesrisiko
- ❖ Samfunnssikkerheit
- ❖ Trafikkforhold
- ❖ Transportbehov

- ❖ Forureining
- ❖ Mineralressurser

For alle tema skal konsekvensutgreiinga vise:

- Kva verdiar som er knytt til det arealet som blir påverka
- Korleis desse verdiane blir påverka
- Kva konsekvensar påverknaden vil få

### 6.1.3 Metodikk

Ved utarbeiding av konsekvensutgreiinga blir det teke utgangspunkt i rettleiaren frå Kommunal og moderniseringsdepartementet, H-2487 Konsekvensutredninger etter plan- og bygningsloven.

## 6.2 Risiko og sårbarheitsanalyse (ROS)

Ved utarbeiding av planer for utbygging skal det gjennomførast ROS-analyse for planområdet. Analysen skal avdekkje alle risiko- og sårbarheitsforhold som har noko å seie for om arealet er eigna til utbygging og om tiltaket vil føre til endringar av dette.